

# TREET SOM DYR

*Eit innlegg for mindre bokstavleg lesing av eddakvede.*

Av Eldar Heide

**N**orrøn lyrikk blir gjerne delt i to "sekker": Skaldekvæde og eddakvede. Skaldekvæda har som sentralt uttrykksmiddel eit svært, omfattande system av metaforiske omskrivingar, heiti (einlekka) og kenningar (fleirlekka). Heiti er eit slag "synonym", men kan tøyast mykje lenger. T.d. kan "tang" eller "gras" vera heite for "skog".

Eg skal ikkje her gje noka innføring i skaldekvæde<sup>1</sup>, berre stutt peike på eit grunnprinsipp i språket deira: *Orda som står til ei omskriving samsvarer logisk med ordet som er skifta ut, ikkje med omskrivinga*. Døme: Brage Boddason kallar Midgardsormen for "sjøreima" (fullt sitat nedanfor), og denne "reima" "stirer" på Tor (Ragnarsdrápa 17). Men *ei reim kan ikkje stire!* Det blir ikkje logisk samsvar mellom verb og substantiv utan at ein les det som ligg "bakom" omskrivinga, dvs "orm" for "sjøreim".

Ein annan ting eg vil peike på er at denne språkbruken fører til at kvæda blir *gåter*, og at dét må vera noko av vitsen. Tanken *skal ikkje* seiast beint ut.

Dei to tinga eg peikar på er banalitetar når det gjeld skaldekvæde. Men i eddakvede er det jamt over få heite og kenningar mot det det er i skaldekvæde. Der er dei snarare unntak enn noko berande uttrykksmiddel, og derfor er skikken å lesa eddakvede nokså bokstavleg.

I denne artikkelen prøver eg å syne at ein kan unngå nokre tolkingsvanskar

om ein les eddakvede mindre bokstavleg. Dvs. om ein *skil mindre skarpt mellom skaldekvæde og eddakvede*. Dømet eg grip tak i er (verds)treet. Nett som "mann" vanleg blir omskrivi med "tre", så blir "(verds)treet" fleire gonger omskrivi med "beitedyr"<sup>2</sup> - vil eg prøve å syne.

## Asken og hesten

*Ask veit ek standa, heitir Yggdrasill*<sup>3</sup>, står det i Voluspá (Vsp) 19. Sistelekken i namnet, *drasill*, m, er eit poetisk ord for hest, og førelekken meiner dei fleste er odinsnamnet *Yggr*. Asken heiter dermed 'hesten til Odin'. Jfr at *Askr* som står som hestehete i namneramsene *Pulur* (SkB I). Etter vanleg oppfatning er bakgrunnen for namnet myten om at Odin hengde seg i verdstreet (Hávamál 138). Tregalgen "ber" den hengde, liksom hesten ber rytteren. Idéen om hesten som galge finn vi òg i andre kjelder, t.d. i Ynglingatal 12 (Heimskr). Når kong Agne blir hengd i eit tre, heiter det at han skal *temja svalan hest*, 'temja ein kaldvoren hest'. I Yt 17 er galgen kalla *hábrjóstr hørva sleipnir*, 'den høgbrysta linsnøre-Sleipne', og Sleipne er som kjent hesten til Odin.

Her har vi døme på at "(galge)tre" blir omskrivi med "hest". Eit anna døme finn vi kan hende i Fjølsvinnsmál (Fjm) 20- 22<sup>4</sup>. Der er det snakk om treet *Mímameiðr*, og Vindkald spør Fjølsvinn: "Kva blir det *af móði* på det fræge treet?" Svaret er: *Út af hans aldni skal ..*, "ut av hans frukt skal ein ..". Kva det er ein skal er det vanskeleg å skjone, men poenget mitt er at *aldni*, dativ av *aldin*, n. 'træfrugt' (Frz) må vera **det same som móði**. For kva som skal gjerast med *aldin* er svaret på kva det blir av *móði*.

Kva er så (*af*) *móði*? Formelt kan det vera dativ av *móðr*, m., men tydinga 'Sindsbevægelse' (Frz) ikkje gjev meining. Norrøn ordbok prøver med stutt vokal, *moð*, n., som tyder 'rask, rusk, særleg avfall av høy, høyrusk'. Ut frå denne tydinga føreslår ho 'frø, frukt?' som tyding av ordet i Fjm. Noko slikt må det naturlegvis tyde om det skal vera identisk med *aldin*, men koplinga til høy og høyrusk verkar ikkje overtydande på meg.

I eit skaldekvæde frå 1300- talet bruker Einarr Gilsson eit ord *móð*, n., med lang vokal (SkB II:422). Ein kar var plaga av *móð* i auga, slik at han måtte blunke ustansaleg. Her kunne jo *moð* og tydinga 'høyrusk' høve godt. Men versmålet krev lang vokal, og auga står i dativ (*fekk .. móð i brásteinum*). Dvs. at *móð* ikkje kan ha komi utanfrå inn i auga, men oppstår i auga sjølve.

På denne bakgrunnen føreslår Norrøn ordbok tydinga 'slim?', og viser til nynorsk *mo*, n., 'fraade, skum'. Døme: "Griis'n, Hest'n togg Moo'i", "Moo'i valt". (Ross) Same tyding ("slím, slý?") fører etymologen Ásgeir Blöndal Magnússon (Ásg) (1989) opp, og set ordet i samband med (ny)islandsk og færøysk *móða*, f., med liknande tyding.

Det ser altså ut til at det har funnist eit ord *móð*, n., med tydinga 'slim, skum, frøde', og at det er dette ordet vi har i Fjølsvinnsmál 21. Gjev teksten meining med dette ordet? - Ja, om ein ikkje les for firkanta. Treet det er snakk om er *Mímameiðr*, som det er semje om er verdstreet *Yggdrasill* under eit anna namn (t.d. Ström 1993:97 og Simek 1993:170). Verdstreet er jo "hesten" Odin hengde seg i. *Når treet er ein hest, da kan moet, frøden, skummet, på hesten vera det same som frukta på treet.*

I Vavtrudnesmål (Vm) 14 står det om hesten Rimfakse, som “dreg natta over gudane; *mældropa fellir hann morgin hvern, þaðan kemr dōgg um dala*. ‘Kvar morgon feller han *mældropar*, derifrå kjem dogg i dalane’.

*Mældropi*, m., er ‘skumdrope som fell av munnbitet på hestebeksel’ (Heggst). Jfr det nynorske *mo*, ‘fraade, skum’, som i “Hest’n togg Moo’i” (Ross). Her får vi stadfesta tolkinga av *móð* som frøden, skummet på hesten/treet.

Voluspá (Vsp) 19 er slik: *Ask veit ek standa, heitir Yggdrasil .. þaðan koma dggvar þærs í dala falla* – “Ask veit eg stå, heiter “Odin-hesten”.. derifrå kjem dogga som fell i dalane”. Det som står om dogga her, er svært likt det som står i Vm. Men Vm nemner ikkje noko verdstre. Der har *hesten Rimfakse same oppgáva som Yggdrasil i Vsp*: Á la det drype livgjevande dogg over jorda. I same lei kan ein tolke namnet Rimfakse: Hesten har rim, dvs. frosen dogg, i fakset, liksom det er dogg på treet. Skilnaden på dogga i Vm 14 og Vsp 19 er berre at ho dryp av ein hest i det eine tilfellet og av eit tre i det andre. Sigurður Nordal seier denne skilnaden er “et godt eksempel på, hvorledes Vsp. i sin opfattelse af forskællige fænomener afviger fra de folkelige forestillinger” (1927:49).

Men er skilnaden *reell*? I Vm dryp det av ein hest, og treet det dryp av i Vsp heiter “hesten til Odin”. Sigurður peikar sjølv på at galgetre vart kalla hestar (ib:48), og vi har sett at “hest” og “tre” kan gå om einannan i slik grad at ord som står til det eine eigentleg viser til det andre (“frøde/skum” på “treet”, Fjm).

*Askr Yggdrasils* er ei fast vending som går att 8 gonger i eddakvede og nokre gonger til hos Snorre (Simek 1993:267). Fyrste delen av namnet tyder ‘ask’, andre delen ‘hest’. Kvifor ikkje ta namnet alvorleg? I så fall er “Ygghestasken” *både* tre og hest, eller tre *eller* hest, alt ettersom. At det er slik, at “tre” og “hest” går om

einannan, tyder kjenningane der “hest” står for galgetre på, og likeins Fjm 20- 22 og Vsp 19/Vm 14.

Her kan det innvendast at Yggdrasil i Vsp er eit *rotfast tre*, medan Rimfakse i Vm tydeleg er flakkfor, og da må Vm 14 og Vsp 19 skildre ulike



ovringar. - Eg tykkjer det blir for firkanta om ein henger seg opp i slikt. I skaldekveda vart “krigar” ofte omskrivi med ‘stridstre’. Eit tre er rotfast, så ein krigar som er eit tre kan ikkje rikke føtene, og da har han eit problem. Men så firkanta er det ingen som meiner ein skal sjå på det. Kvifor skal vi da gjera det når det gjeld “hest” og “tre”?

#### Treet, hjorten og geita

Hittil har eg haldi meg til det det er flest døme på: At tre og *hest* går om einannan. Men ut frå omskrivingskikken i skaldekveda ville det ikkje vera overraskande om hesten i neste omgang vart omskriven med andre dyr av liknande slag. I skaldekveda er “hest” det vanlegaste grunnordet i skipskjenningar (Meissner 1921:208), for hesten er “ridedyret” ein bruker på havet. Eit døme er *hranna drasill*, ‘bølgjehest’

(ib:209). Men skip blir òg omskrivi med alle slag andre dyr, t.d. ofte med elg og rein, stundom med hjort, eller dyr generelt: *vágs elgr*, ‘havelg’, *unmar hreinn*, ‘bølgjerein’, *Vánar hjótr*, ‘sjøhjort’, *sædyr*, ‘sjødyr’ (ib:218- 19).

I Grimnesmål (Grm) 26 dryp det ikkje av noko tre eller hest, men av hjorten *Eikþyrnir*<sup>5</sup>: *Af hans hornom drýpr í Hvergelmi, þaðan eigo vōtn óll vega*, ‘av horna hans dryp det i Kvergelme, derifrå kjem alt vatn’. Etter Snorre (Gylvag. 15) er Kvergelme ein av tre brunnar under Yggdrasil.

Dette liknar svært på dei “drypingsmotiva” vi har sett på hittil. I eine tilfellet dryp det av greinene på eit tre / mulen på ein hest, i det andre av horna på ein hjort. Det ser ut til å vera *same vatnet* som dryp. I Grm får vi veta at *óll vōtn*, ‘alt vatn’ (underforstått: I verda) kjem frå horna på hjorten. I Vsp 19 får vi veta at det er *den* dogga som fell i dalane, dvs. over jorda (jfr at *dalr* står som jordheite i *Dulur*), som dryp av treet: *dōggvar þærs í dala falla* (mi uth.). I Vm 14 er det inga slik presisering, men kvedet nemner heller

ikkje anna dogg/vatn som dryp. I alle tre tilfella må vi tru det er snakk om nettopp *det* vatnet som fell over jorda.

Parallelt med Eiktyrne er det i Grm 25 ei *geit*, Heidrun. Av juret hennar dryp det endelaust med *mjød* ned i eit stort kjørel. Ho skil seg frå det vi har sett på hittil i det at det dryp frå *undersida* av ho. Men elles er ho heilt parallell til hjorten: Liksom han står ho på taket av Valhall og gneg av greinene på treet *Læraðr*, tolka som ein variant av verdstreet (t.d. Steinsland 1979:128), og resultatet av denne gnaginga er kulturskapande *mjød* (jfr Schjødt 1983). Gro Steinsland sidestiller *mjøden* og *vatnet* som dryp, og seier “Det som her fremstilles, er verdenstreet i dets fruktbarhetsgivende aspekt. Parallellen til Vsp 19 er åpenbar” (ib:129).

Til dette kan ein innvende at hjorten og geita i Grm 25- 26 er *underordna* treet, dei står *attmed* det og hentar næring frå det. Da kan dei ikkje "vera" treet. - Nei, men på hi sida *koplar* det dyra *til* treet at dei hentar næringa si derifrå. Dermed har dropane i Vsp 19 og i Grm 25- 26 same opphav.

Vidare kan ein seia at det det dryp av i Vsp *og er kløyvd i tre og dyr*. I Vsp dryp det rett nok av eit tre, men dette treet heiter "hest". I Fjm 20- 22 og i jamføringa av Vm 14 og Vsp 19 har vi sett at "tre" og "hest" alldeles går om einannan. Om "drypestativet" er dyr og tre i eitt, eller om dyret og treet står ved sida av kvarandre gjer vel ingen avgjerande skilnad.

Strofe 38 i Det andre kvedet om Helge Hundingsbane (HHII) er slik:

*Svá bar Helgi  
af hildingom  
sem itrskapaðr  
askr af þyrni,  
eða sá dýrkálfr  
dóggó slunginn  
er øfri ferr  
þllom dýrom,  
ok horn glóa  
við himin siálfan.*

"Høg stod Helge  
hovdingar mellom  
som adels tre,  
ask, over torn;  
hell som ein dyrkalv  
seg doggvåt reiser  
opp over alle  
andre dyri,  
og heilt til himmels  
horni spelar"<sup>6c</sup>

Her har vi atter sidestillinga av ask og beitedyr. Tre og dyr er brukte parallelt, likeverdige, til å beskrive det same<sup>7</sup>, dei går på eit vis om einannan.

Om Sigurd heiter det i Den forne Gudrunkvída (Guðr II), strofe 2, at han er som *hjótr hábeinn um hvóssom dýrom* - 'som høgbeint hjort over kvasse dyr'. Kva desse "kvasse dyra" er har mange spekulert på. Von Hosten (1957:83) er inne på at det kvasse kunne vera ulvetenner. Finnur

Jónsson (Lex.Po) endrar adjektivet til *hóssum*, 'grå', og meiner det er "grå ulvar" som er meint. Von Hofsten (1957:83) ender sjølv med å avvise ulveforslaget, fordi ein hjort midt i ein ulveflokk ligg tynt an. Dermed fungerer ikkje biletet som heltebiletet. Ohlmark (1954) føreslår same adjektiv (grå), og at det er meint "bland hudgrå kid". Men hjortekalvane er ikkje gråare enn dei vaksne dyra.

Ingen har altså klart å forklare kva for "kvasse dyr" hjorten hevar seg over. Om ein prøver å endre teksten kjem ein ikkje lenger med dét. "Den tydlige parallellismen" (Hofsten 1957:81) mellom jamføringa i HH II:38 og Guðr II:2 kan vera til hjelp i tolkinga. Tesen min er at "beitedyr" generelt blir brukt som heite for "tre", og eg har peika på ei kjelde der "tre" og "beitedyr" går om einannan så langt at ord som står til det eine eigentleg viser til det andre (Fróden, skummet, på "treet" i Fjm 20- 22).

Eg føreslår at løysinga er den same her. Dersom "tre" og "beitedyr" går om einannan, så blir dei to bileta i HH II 38 like. Det blir det same at hjorten hevar seg over dei andre dyra som at asken hevar seg over klungeren. I så fall skulle ein kunne seia det same slik at *hjorten hevar seg over klungeren, eller at asken hevar seg over dei andre dyra*. I den tydeleg parallele Guðr II er "hjort" og "tre" samla i det eine ordet, "hjort". Kan ikkje likevel det doble i den låge delen av jamføringa ("klungeren/dei andre dyra") vera med? Dét er forslaget mitt: *Hvóss dýr* er både "klungeren" og "dei andre dyra", men slik fortetta i forma at det ikkje er logisk samsvar mellom adjektiv og substantiv. *Dýr* er "dei andre dyra", og *hvóss*, 'kvasse' viser til klungeren, *þyrnir*, som har namn etter dei kvasse tornane (*þorn*).

Kan det vera meining i slikt? - Ikkje om ein vil lesa bokstavleg. *Men meining er det ingen som har fått i det når dei har lesi bokstavleg!* Om ein derimot les teksten som eit skaldekvede, slik ein må i Fjm 20- 22, og sløyfer kravet om logisk samsvar mellom ordet som er skifta ut og orda som står til omskrivinga,

så blir det meining i det. At "dyra" er kvasse burde ikkje vera meir problematisk enn at ei "reim" kan stire, som Brage Boddason seier (innleiinga).

Men er *þyrnir* eit tre? Tja. Skilde dei slik mellom busk og tre som vi gjer? Både Heggstad og Fritzner oppgjev at *þyrnitré* = *þyrnir*, som er "klunger, torn(ebusk)" (Heggst). Både *þyrnir* og *klungr* står som *viðar heiti*, 'tre-heite', i *Þulur*. Kor som er baserer jamføringa seg på at *þyrnir* er låg i høve til asken/hjorten.

### Treet og reinen

Midgardsormen er ei kaosmakt, dvs ein av fiendane til æsene (jfr Vsp 54- 55). Men han er truleg ikkje eintydig negativ. I ein upublisert artikkel peikar Bergsveinn Birgisson på alle midgardsormkjenningane som uttrykker at han *held verda saman*<sup>8</sup>:

Bragi Boddason (800- 850) kallar ormen *jarðar reistr* (Ragnarsdrápa 14), 'jordens tvinge' (SkB I) *borðróins barða brautar þvengr* (str 17), dvs. 'det som bind sjøen' (*þvengr*, m. 'tvinge, rem', Lex.P.) Både hos Olve Knuva og i Hymeskvída (Hym.) 22 er ormen kalla *ungjórð allra landa*, 'alle lands gjord'. Ei gjord er eit 'band, belte, særleg kringkjørel el. kring livet' (Nnob). Ormen er gjorda som held landa saman lik som tunnebandet held tunna saman.

I *Húsdrápa* (str 5) kallar Ulv Uggason (900- talet) han *stirðpinull storðar*, 'den stive jordtelna'. Ei telne eller ein tenel er eit 'tau som forsterkar kantane på garn, not el. segl' (Nnob), dvs held det saman. Øystein Valdason (kring år 1000) kallar ormen *seiðr jarðar*. *Seiðr* kan vera fisken sei, og i så fall tyder kjenninga 'jordfisken'. Men *seiðr* kan og tyde 'reip', og "den tydinga rår i kjenningar for Midgardsormen", seier Asgeir Blöndal Magnússon (Ísl. orðsifjab.) Når ein jamfører med dei andre ormkenningane verkar 'jordreipet, jordbandet' rimelegare enn 'jordfisken'. I Vsp 55 (Hauksb.) er ormen kalla *lindi jarðar*, 'jordbandet, jordbeltet'.

Det som går att i desse kjenningane er at ormen er noko som *bind verda*

eller *held ho saman*. I så fall skal verda gå under når han døy, og nettopp dét skjer i Vsp (56- 57). Så snart Tor har drepi ormen kjem Ragnarok-finalen: Sola svartnar, jorda sig i hav, stjernene sloknar og logar sleiker lukt til himmels.

Myten om Tor som fiskar Midgardsormen finst i fleire variantar. I dei fleste mislukkast han, og ormen bergar seg. Men i *Húsdrápa* (str 6) av Ulv Uggason slår Tor i hel ormen. I Hym. 23 dreg Tor ormen oppåt ripa og gjev han eit slag i skallen. Men tilhøyraren må vente i uvisse på utfallet, om ormen døy av slaget eller ikkje. Neste strofe (24) yder:

“Hreingálfk hlumdo / hruto<sup>9</sup>  
en hólkn þuto  
fór in forna  
fold óll saman  
sökðiz síðan  
sá fiskr i mar.”

“Uvettet ylte,  
det óma i fjell,  
heile utgamle  
jordi ho skalv.  
Og fisken han kvarv  
i kav så fort”.

Dette er ei “nær Ragnarokskildring”, eit “nesten- Ragnarok”, som Meulengracht Sørensen har peika på (1986:270). For å kunne seia neir enn dette generelle må vi kike nærare på ragnarokskildringa i Vsp. Det er i str 46/47 sjølve Ragnarok tek til (jfr Steinsland 1979:143, Sigurður Nordal 1927:91), og det strekker seg over strofene 46- 58. Det aller meste av dette skildrar *innbyggjarane* i (den mytiske) verda: Æser, jotnar, Fenrisulven osv. Alt som er sagt om “*arenaen*” for desse skapningane, den jorda dei lever på, er dette:

I str 47 *skelfr Yggdrasils askr standandi, ymr it aldna tré*, ‘Yggdrasil-asken skjelv ståande, det gamle treet jamrar’. I str 48: *Gnýr allr iótunheimr*, ‘heile jotunheimen tutar, durar, brakar’ (*gnýja* etter Heggst). *Iótunheimr* må her tyde ‘fjella, berga’, for brakinga tvingar dvergane fram i lyset (jfr Sigurður Nord.

1927:95). Str 52: *Griótbiörg gnata*, ‘Grjotberg ramlar, rausar ned (Heggst). Og når Tor har drepi “tunnebandet” raknar alt, sola svartnar, jorda søkk osv (str 57).

Skjematisert:

1. Verdstreet skjelv og jamrar.
2. Berga, fjella, durar og brakar.
3. Berga rasar saman.
4. “Finalen”: Sola svartnar, jorda søkk, osv.

Når Vsp nemner så lite, går eg ut frå at det som *er* nemnt er essensielt: At dette var det sentrale i førestillinga om (jorda i) Ragnarok. I så fall burde vi finne same mønsteret i Hymeskvida, dersom ormen døy der eller det er nære på. Dét meiner eg vi gjer. Om ein les Hym. 24 etter dei linjene eg har dregi opp hittil kan ein sjå alle desse fire punkta der, berre med to variasjonar. Eg tek dei to greiaste punkta fyrst:

Pkt 2. Andre linja er *hólkn þuto*. *Hólkn*, n., er ‘berg’ (Heggst), og *þuto* er flt. pret. av verbet *þjóta*, ‘tute, dure, bruse, suse, låte’ (Heggst). Dette ligg svært tett opp til Vsp 48, der fjella *gnýr*, ‘tutar, durar, brakar’.

Pkt 3. Tredje og fjerde linje: *Fór in forna fold óll saman. Fara saman* er ‘fare saman, falle saman’ (Heggst). Dvs ‘den gamle jorda fall saman’. Dette ligg òg tett opp til Vsp (52), der berga *gnata*, ‘ramlar, rausar ned’.

Pkt 4. Her skulle jorda søkke dersom ormen døyde. Eg ser det slik at dikteren har *spela på at dette var det venta utfallet*. Tilhøyraren veit at ormen har fått seg eit slag i skallen, og veit det kan vera kritisk, men må vente i spenning på korleis det går. Det ser stygt ut, for undergangen blir skildra punkt for punkt fram til det avgjerande spørsmålet: *Går verda under, søkk jorda i havet?* – Puh, nei, gudskjelov, det vart ormen som sokk, han berga seg (dvs “vi berga oss”). Siste punkt er altså ikkje med direkte, men eg meiner det er med *indirekte*, fordi ein *allusjon* til det er med.

Pkt 1. I så fall er det berre éin ting som vantar for at 4- punktmønsteret

frå Vsp skal finnast att i Hym. 24: *Hreingalkn* må vera/tilsvara *verdstreet*.

Den fyrste innvendinga mot dette er sistelekken *galkn*. Finnur Jónsson seier *galkn* er “et fabeldyr, .. [det] bruges om et skadeligt, farligt væsen, redskab, *hlifa galkn*, sværd” (Lex.P.). Slikt ventar ein seg ikkje om verdstreet. – Nei, men verdstreetnamnet *Læraðr* og odinsnamnet *Yggr*, som i *Yggdrasill*, ligg i “same gate” som – *galkn*. *Læraðr* tolkar ein enklast som ‘den som valdar skade’ (de Vries, jfr Steinsland 1979:128 (note)), og *Yggr* tyder ‘skremmeleg, fælslag’. For øvrig kan namnet *Yggdrasill* like gjerne tolkast utan å gå omvegen om odinsnamnet, beint som ‘den skremmelege hesten’ (dét utelukkar ikkje galgetydinga). Den eigentlege skilnaden på ‘den skadelege, farlege reinen’<sup>10</sup> og ‘den skremmelege hesten’ er *arten* av beitedyr (eg tek opp fleirtalsforma for seg nedanfor, og bruker eintalsform *her* for å isolere *denne* problemstillinga). Om ein jamfører kva *Yggdrasill* og *hreingalkn* tyder, så *stør* det faktisk forslaget om at *hreingalkn* i Hym. 24 tilsvarer *Yggdrasill* i Vsp 19.

Likevel, det kan ikkje nektast at denne tydinga støyter mot den vanlege oppfatninga av verdstreet. – Nei, men er det så sikkert at den mørke sida av kosmoskreftene har fått den plassen ho burde ha i *vårt* bilete av nordisk mytologi?

Fyrstelekken i *hreingalkn* er *hrein*, ‘reinsdyr’. Dette har det vist seg vanskeleg å få meining i. Ólafur Briem (1986 I:217) tek det bokstavelig, og føreslår at *hreingalkn* er ulvar, ‘uvenene til reinen’. Denne tolkinga kan ikkje beint avvisast, jamvel om “ulv” knapt er noko “fabeldyr”. Finnur Jónsson meiner teksten ikkje gjev meining slik han står, og har endra han til *hraungalkn*, ‘stenuhyrer, jætterne’ (1932:95). Etter mi tolking gjev ordet fullgod meining slik det står, som ‘den skadelege, farlege reinen’, og denne tolkinga meiner eg høver betre i samanhengen enn “ulv”, som Ólafur Briem føreslår.

Lat oss sjå på verba som står til

Yggdrasil i Vsp 47 og til *hreingalkn* i Hym. 24. Om Yggdrasil heiter det (Vsp 47) at det skjelv og *ymr*. *Ymjā* er å 'gje låt frå seg, jamre, bera seg'. Steinsland peikar på at det er ei "noe påfallende personifisering" (1979:144) å bruke *ymja* om treet. Nordal omtolkar ordet: Det "knager .. i det gamle træ, det er **som** (uth. her) hørtas der jamren derfra". Eit tre kan ikkje jamre eller bera seg. Om vi tenkjer oss at Yggdrasil vart oppfatta både som "tre" og "hest", alt ettersom (det står *askr Yggdrasils*, 'Odinhest-asken'), så blir dette mindre påfallande. Språkbruken blir da parallell til at det er "frøde" på "treet" i Fjm.

Kan hende har vi same ovringa i Hym. 24, berre omvend. Verbet som er brukt i hovudhandskrifta er *hlumþo*, fortid av *hlymja*, 'klinge, brage, larme' (Frz). Døme på bruken er *sær hlymr*, 'sjøen larmar', men elles har ordbøkene sparsamt med døme. Fritznar seier *hlymja* = *glymja*, og dét er å 'give fra sig en stærk Lyd el. Klang' (Frz). Dette verbet er mykje brukt om (daude) *ting* som læt; våpen, istappar, bogestrenger, vindfløyer, steinar, havet eller bølger. Men eg finn ingen døme der det er brukt om at *folk* eller *dyr* gjev læt frå seg. Derimot ville det høve greitt om **trestammar** *hlumþo*. Men for at det skal gå opp må vi føresetta at "tre" og "hest", med varianten "beitedyr generelt", går om einannan.

Verbet i A-handskrifta kan brukast om dyrelåt. *Hruto* er fortid av *hrjóta*, som kan tyde 'styrte, falde' (Lex.P.), og slik tolkar Finnur Jóns. det: "jætterne styrte ved jordskælvet" (1932). Men det kan òg vera å 'utstøde en grov Lyd, brumme' (Frz), t.d. i *..sem bjrn hryti*, '..liksom ein bjørn brumma' (Hamd 26). Dette er den vanlegaste tolkinga (Ólafur Briem, Mortenson- E., Holm- Olsen).

Alt i alt gjev det god meining å lesa *hreingalkn* som *Yggdrasill*. Eg har

påvist at "tre" og "hest" går om einannan i kjeldene, og truleg òg "tre" og "beitedyr generelt". Det høver godt med Ragnarok-mønsteret vi finn i Vsp at tre/beitedyr skal stå og laga læt på denne staden i strofa, og ordbruken (*hlumþo* om dyr) kan tolkast som direkte uttrykk for same dobbeloppfatning tre/beitedyr som vi finn i andre kjelder.

#### Tre i fleirtal

Den store innvendinga har eg spart til slutt: – Verbformene *hlumþo* og *hrutu* står i fleirtal, dvs at det var *fleire hreingalkn* som gav læt frå seg. Men fanst det ikkje berre eitt verdstre? Det er heilt klart at dei fleste og viktigaste kjeldene fortel eintydig om éitt verdstre. Derfor er dette ei alvorleg innvending mot tolkinga mi. Det *finst* likevel ting som kan komplisere biletet. Her er det ikkje plass til å greie dei ut, eg kan



berre stutt nemne nokre moment. Det viktigaste argumentet mitt er at kjeldene har *andre døme* på at *same tingen* blir omtala både i eintal og i fleirtal. Slik er det med *hjorten* og *ormen* i Grimnesmål. Str 26 og 35 seier klart og utvitydig at det er *ein* hjort som gneg på treet og *ein* orm på røtene. Men str 33- 34 seier like klart at det er *fire* hjortar og *fire* ormar. Fordi dette ikkje heng i hop logisk, meiner Bugge at desse to versa er "et sildigere tillæg" (1926:82), dvs at han meiner dei ikkje høyrer med i det opphavlege kvedet. Men å seia noko sånt er jo å justere terrenget etter kartet, dvs kjeldene etter granskaren si førehandsoppfatning. Meir rimeleg

ville det vera å leggja vår tids konsekvenskrav til sides, og konstatere at kjeldene læt antalet veksle fritt. Slik kan det sjå ut til at det er i omtalen av (verds)treet, og kan hende òg i førestillingane.

I Håvamål (138) henger Odin seg som offer i det (einstaka) verdstreet. Ved hovet i Uppsala var det ein heilag *lund* som tok imot hengeoffera (Adam av Bremen, 4. bok, kap 27). Snorre fortel (Skaldskaparmål 42) at det står ein *lundr* som heiter *Glasisr* utanfor døra til Valhall, dvs om lag der det einstaka treet *Læradr* står – Heidrun og Eiktyrne står på taket av Valhall og gneg av greinene på *Lærad*. Kan det tenkjast at "lund" eigentleg er same treet? Til dette kan det innvendast at *lundr* vart brukt både om 'lund' og 'einstaka tre' – på same måte som *viðr*. Men dét *stør* i så fall mitt forslag. For i så fall kan det ikkje ha vori så nøye alltid om det var eitt eller fleire tre.

I Grottasong er det ei undergangsskildring som minner ikkje så lite om skildringa i Vsp og Hym 24. I sjøelve apokalypsen *skulfu skaptré*, '(noko slag) tre (fleirtal) skalv', før ein *liðr*, 'stokk', (eintal) dett ned og slår sund den kvernsteinen som heile kvedet dreier seg om. Kan *skaptré* som skjelv og stokken som straks etter dett ned

tilsvara verdstreet, og den kulturskapande kvernsteinen symbolisere jorda?

I Vavtrudnesmål 45 står det at Liv og Livtrase overlever Ragnarok fordi dei løyner seg i *Hoddmimis holti*, 'i Hoddmimes holt'. Dette namnet minner svært om verdstrenamnet *Mimameiðr* i Fjm. Namnet "Mime" vaklar i kjeldene mellom *Mimir* og *\*Mimi*, og *Hod-* kan ein ta som eit tilnamn til *Mimir*. I så fall blir skilnaden at den eine har eit *holt*, den andre eit *einstaka tre*. Under treet lever Liv og Livtrase av *morgondög-gvar*, 'morgondogg', som vi kan tenkje oss dryp av trea, liksom av

Yggdrasil i Vsp 19. I Vm 14 dryp *mældropane* av Rinfakse *morgin hvern*, 'kvar morgon'. Dogga som dryp blir som nemnt knytt til fruktbarheit, og i Vpr er dogga kopla til øksling: *þaðan af aldir alast*, 'derifrå alast [nye] ætter' (dvs av Liv og Livtrase når dei et morgondogg). Dette holtet minner altså om einstaka verdstre/hest både i namn, skildring og funksjon. Den viktaste skilnaden er vel at det er *fleire tre* her.

Dette blir spekulasjon og skissering av idéar. Eg har ikkje fått greidd ut desse ideane, men trur det er somt her som kan rikke idéen om det eine, monolittiske verdstreet. I så fall kan ikkje fleirtalsforma i Hym 24 felle tolkinga av *hreingalkn* som *Yggdrasill*. Dersom eg har rett i at "tre" i ein del tilfelle blir omskrivi med "beitedyr generelt" – korleis skal vi så skjone det? Kva tyder det? Eg trur ikkje det er anna enn ei rein *omskrivning*. Eit skip liknar ikkje stort på ein hest, men lell er "hest" det vanlegaste grunnordet i skipskjenningar i skaldekvede. Andre dyr i skipskjenningar forklarar Meissner på to måtar: I somme tilfelle har skalden tenkt seg at skipet liknar direkte på det aktuelle dyret, i andre har han tenkt "hest", men gått eit steg vidare og skifta ut hesten med eit anna, hesteliknande dyr (1921:208). Eg tenkjer med det siste som forklaring på den eventuelle bruken av "hjort" og "rein" som omskriving for "tre".

I skaldekvede er det ikkje noko problem å skjone at "havhjort" eller "bølgjerein" tyder skip, for det er *system* i omskrivinga, det er slik ein *må lesa*. Kvifor har det da vist seg vanskeleg å lesa "hjort" eller "rein" som "tre"? - Etter mitt skjønn fordi dei mytologiske trea held seg til eddakveda, dei er sjeldsynte i skaldekvede. Og eddakvede er det skikk og bruk å lesa mykje meir bokstavleg enn skaldekvede.

Bør vi halde fram med dét, dersom vi vil ha meining i dei eddastrofene vi ikkje har skjont noko av enno?

## LITTERATUR:

- Adam av Bremen. Historien om Hamburgstiftet och dess biskopar. Til svensk ved E. Svenberg, Stockholm 1984.
- Ásgeir Blöndal Magnússon, 1989: Íslensk orðsifjabók. Reykjavík.
- Bugge, S., 1926 (1867): Sæmundar Edda hins fróða. Oslo.
- Egils saga Skalla-Grímssonar. Utg. Sigurður Nordal, Reykjavík, 1988 (1933).
- Finnur Jónsson, 1913- 16: Lexicon Poeticum. København.
- Finnur Jónsson, 1932: De gamle Eddadigte. København.
- Finnur Jónsson, 1912- 15: Den norsk-islandske skjaldedigtning A I- II, B I- II. København.
- Fritzner, J., 1973 (1868): Ordbog over Det gamle norske Sprog I- III. slo.
- Heggstad, L., Hødnebo, F., Simensen, E., 1975: Norrøn ordbok. Oslo.
- Heimskringla I, utg. Bjarni Aðalbjarnarson, Reykjavík 1941.
- Hofsten, N. von, 1957: Eddadikternas djur och växter. Uppsala.
- Holm- Olsen, L., 1975: Edda- dikt. Oslo.
- Jón Helgason, 1971: Eddadigte I- III. Oslo.
- Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder I- XXI, Viborg 1956- 78.
- Meissner, R., 1921: Die Kenningar der Skalden. Bonn og Leipzig.
- Meulengracht Sørensen, P., 1986: "Thor's Fishing Expedition", i G. Steinsland red., Words and Objects. Towards a Dialogue Between Archaeology and History of Religion. Oslo.
- Mortensson- Egnund, I., 1964 (1905-08): Edda- kvede. Oslo.
- Mundal, E., 1992: Heiðrún: Den mjødmjolkande geita på Valhalls tak. I Eyvindarbók. Festskrift til Eyvind Fjell Halvorsen. Oslo.
- Nynorskordboka. Det norske samlaget. Oslo 1986.
- Ohlmark, Å., 1954: Eddans hjáltesånger. Tolkade och kommenterade.
- Ólafur Briem 1985: Eddu- kvæði I- II. Reykjavík.
- Ross, H., 1971 (1895): Norsk Ordbog. Oslo.
- Schjødt, J.P., 1983: "Livsdrik og vidensdrik. Et problemkomplex i nordisk mythologi", Religionsvidenskabeligt Tidsskrift 2.
- Sigurður Nordal, 1927: Völuspá. Völvens spádom. København.

- Simek, R., 1993: Hugtök og heiti í norrænni goðafræði. Reykjavík.
- Steinsland, G., 1979: "Treet i Vluspá". I Arkiv for nordisk filologi, Lund.
- Ström, F., 1993 (1961): Nordisk heden- dom.
- Vries, J. de, 1977: Altnordisches Etymologisches Wörterbuch. Leiden.

## NOTAR:

- Hallvard Lie har ei stutt og grei innfring om dette, i *Kulturhistorisk leksikon*, under oppslagsorda heiti og enningar.
- Dette er det beste ordet eg finn til å samle "hest" og slike dyr som "hjort" og "geit".
- Dei eddakveda som står i Jón Helgason si varsamt normaliserte utgve siterer eg derifrå. Andre siterer eg frå Sophus Bugge si utgåve, men normaliserer om lag som Jón Helgason, for gjera stoffet lettare tilgjengeleg.
- Det kan innvendast at det er problematisk bruke Fjølsvinnsmål i argumentasjonen, fordi dei fleste granskarane reknar Fjølsvinnsmål som ungt. Eg kan ikkje gå inn i nokon dateringsdebatt, men eg vil peike på at det òg er svært kompetente granskarar som meiner det motsette. Finnur Jónsson seier det er "uden tvivl et hedensk digt" (1932:171:).
- Namnet tyder truleg 'treuttråkaren', av yrr = urr, og har i s.f. ikkje samanheng med yrnir, 'klunger' (Mundal 1992:244- 245).
- Heile strofer er omsette av Ivar Mortensson- Egnund (1964).
- Eg seier ikkje dermed at Helge "er" verdstreet.
- Alle skaldekvede siterte etter Finnur Jónsson 1912- 15 (=SkB).
- A-handskrifta hrutu, R-handskrifta hlumo
- Her må eg omsetta substantiv med adjektiv, fordi det er vanskeleg finne substantiv for "skadeleg, farleg", som F.J. har i si tyding. Dn er den beste; Frz har det generelle 'fabeldyr', og Heggstad tykkjest gå i ring. Hos han er galkn omsett m.a. med 'troll', men det baserer seg vel på tolkinga av hreingalkn i Hym. 24 som jotnar.

# INNHOOLD

## **RUNER, RUNEINNSKRIFTER OG SPRÅKHISTORIEN**

*artikkel av Terje Spurkland s.2*

## **NOAM CHOMSKY MØTER OLAV DEN HEILAGE**

*artikkel av Kristian E. Kristoffersen, s.7*

## **NORRØNT AKTUELT**

*artikkel av Preben Meulengracht Sørensen, s.11*

## **KULTURELL BALLAST ELLER LIK I LASTA -OM NORRØNT PÅ NORDISK GRUNNFAG**

*artikkel av Arne Torp, s. 14*

## **EDDA-ORDFORRÅD I ISLANDSK DIKTNING**

*artikkel av Örn Ólafsson, s. 19*

## **RÆPPSAMFUNNET TIL VIKINGANE -EGIL SKALLAGRIMSON OG ICE-T**

*artikkel av Bergsvein Birgisson, s. 22*

## **TREET SOM DYR -EIT INNLEGG FOR MINDRE BOKSTAVLEG LESING AV EDDAKVEDE**

*artikkel av Eldar Heide, s. 26*

## **DEN HEILAGE HANDSKRIFTSSTRIDEN**

*artikkel av Oddmund Vestenfor, s. 32*

## **NYTTIGE DATABASER FOR NORRØNFILOGER**

*artikkel av Bjørg Dale Spørck, s. 35*

---

## **LITTERATURSPALTER - ANMELDELSER,**

*s. 40*

## **DEBATTSPALTER,**

*s. 48*

## **Redaksjonelt arbeid**

Redaksjonsansvarlig: Kjersti Vevstad

Redaksjon: Trond Arntzen  
Leiv Hellebø  
Heidi M. Solbakken  
Camilla Wimmer

Utgitt med støtte fra Kulturstyret, SiO.  
Trykkeri: Lobo Grafisk  
Forsideillustrasjon: Stian Pollestad


*Bøygen* er et fagkritisk organ ved avdeling for nordisk språk og litteratur ved universitetet i Oslo. Redaksjonen består av studenter ved INL. *Bøygens* siktemål er å gjenspeile ulike - og aktuelle - sider ved nordiskfaget. Vi har kontor i Henrik Wergelands hus, i 1.etg., og vår adresse er følgende: *Bøygen*, Institutt for Nordistikk og litteraturvitenskap, avd. for nordisk språk og litteratur, postboks 1013, 0315 Oslo.

# BØYGEN

Nr. 2, 1996

Pris: 20,-

ORGAN FOR NORDISK SPRÅK OG LITTERATUR



# NORRØNT